

## **Evaluering RUS131: Russisk litteratur I, 2020 – 2022**

Dette notatet evaluerer emnet **RUS131: Russisk litteratur I** for treårsperioden frå 2020 til 2022. Det er ferdigstilt etter avslutta sensur for haustsemesteret 2022.

Målet for emnet er, slik det er formulert i emneomtalen, å «gje fordjupa innsikt i russisk kultur med hovudvekt på russisk litteratur, og gje viktig akademisk skrivetrening.». Emnet er på 10 studiepoeng, og det kan seiast å ha ambisiøse mål: Det skal gje ei brei kontekstuell tilnærming til den utvalde litteraturen, dvs. gje djupare forståing for tekst så vel som kontekst, og parallelt utvikla studentane sine ferdigheiter i litterær tekstanalyse spesielt og akademisk skriving meir generelt. Emnet går kvart haustsemester.

Forfattaren av dette notatet, Kåre Johan Mjør, har vore emneansvarleg hausten 2022, mens i 2020 og 2021 hadde Irina Anisimova emneansvaret. Ho har skrive korte eigenevalueringar for desse to semestera. I tillegg var Mjør inne i 2020 og 2021 som sensor, dels som intern (H2021), dels i rolla som ekstern (H2020, men samtidig med ansvar for avvikling av kunnskapsprøven). Hausten 2020 hadde han rettleiing på essaya og noko tekstlesing med studentane.

### *Undervisningsformer*

Undervisninga har i alle semester bestått av to dobbelttimar i veka: førelesingar ein dag, der all pensumlitteratur blir undervist i, og tekstlesing ein dag. Dette er heimla i emneomtalen. I 2021 og 2022 har tekstlesinga blitt styrka i form av ein ekstra dobbeltime ved ein undervisningsassistent (masterstudent). I planlegginga av hausten 2022 la emneansvarleg vekt på god integrasjon mellom førelesingar og tekstlesing. I Anisimovas eigenevaluering frå 2020 er «betre integrering» trekt fram som eit mål for kvalitetsutviklinga i emnet.

Undervisninga går i regelen over ein periode på 9 veker. I tekstlesingstimane blir utvalde delar av det russiskspråklege pensumet gått gjennom i form av lesing og omsetjing saman med studentane. På tredje semester i BA-programmet forventar vi at studentane kan arbeida med den resterande delen av dette pensumet på eiga hand.

Undervisningsforma til Mjør under førelesingane hausten 2022 har vore «tradisjonelle» førelesingar, med stort innslag av spørsmål for diskusjon i plenum. Studentgruppa dette semesteret har vore engasjert og lett å få i tale. Anisimova har praktisert ei liknande undervisningsform på emnet tidlegare.

### *Vurderingsformer og pensum*

Vurderingsforma er mappe: eit rettleidd essay på om lag 2000 ord og ein kunnskapsprøve på 3 timar. Pga. pandemien var prøven avvikla digitalt i 2020 og 2021, men vende attende til fysisk format hausten 2022.

Til essayet har studentane i alle tresemestera fått oppgitt ulike tema å velja mellom, som dei sjølve i tillegg har ofte måtta spissa i form av problemstilling og eige utval av primær- og sekundærkjelder. Opplæring i akademisk skriving har inngått i undervisninga og rettleiinga. Hausten 2022 fekk dei også ei grunnleggande innføring i litteraturteoretiske tema.

Emnet har i perioden hatt ulike tema/pensum. Då Anisimova tok over emnet i 2020, laga ho eit heilt nytt pensum med vekt på russisk 1900-talslitteratur knytt til ulike historiske epokar: modernismen (sølvalderpoesi), tidleg sovjetlitteratur (Platonov, Kharms, Zosjtsjenko), poststalinistisk litteratur (1960-talspoesi, Jerofejev), postsovjetisk litteratur (Pelevin, Petrusjevskaja, Sorokin). Som vanleg i litteraturundervisninga på dette nivået var litteraturen dels lesen i original, dels i omsetjing. Hausten 2022 tok Mjør over emneansvaret og laga eit nytt pensum med tittelen «Russisk litteratur og imperiet». Det omfatta litteratur frå 1800-talet til i dag og har vore tematisk organisert i åtte modular: Kaukasuslitteratur frå romantikken, realismen og i dag (1-3), jødisk, belarusisk, ukrainsk og tatarisk russiskspråkleg litteratur (4-7) og postsovjetiske imperiefantasiar/dystopiar (Sorokin, 8). Også her har dei lest pensum dels på russisk, dels i omsetjing. Å utvikla eit høveleg pensum i vanskegrad og omfang er alltid ein prosess, og dersom dette temaet blir vidareført hausten 2023, vil emneansvarleg ha innspel til ein viss revisjon av pensumet, ikkje minst på bakgrunn av tilbakemeldingar frå studentane (sjå nedanfor). Samtidig er det alltid ein balansegang mellom å finna tekstar som er tematisk/litteraturhistorisk relevante og som studentar utan morsmålsbakgrunn har reell sjanse til å lesa. Dette semesteret var tekstane av Makanin og Ulitskaja for vanskelege (men dei fekk også tilgang til omsetjingar), mens utvalet frå Pusjkin, Lermontov, Babel, Aleksijevitsj, Kurkov og Sorokin fungerte i det store og heile bra.

### *Studenttal*

År	Obligatoriske aktivitetar godkjende	Gjennomført / bestått
2020	10	10
2021	8	7
2022	5	5

Hausten 2022 var det i byrjinga av semesteret oppmeldt ca. 15 studentar, men det viste seg snart at det reelle talet var 5. Dette er eit kull som gjennom heile 2022 har hatt lågt studenttal.

### *Studentevaluering*

Emnet har blitt evaluert av studentane hausten 2022. Det har vore brukt spørreskjema (SurveyXact), og det kom inn 6 svar, dvs. frå dei som har følgd emnet mest aktivt + frå ein student som kanskje har følgd opplegget på eiga hand, utan å delta i undervisninga (?). I tillegg har emneansvarleg diskutert emnet med fleire av studentane undervegs. Her følgjer resultatata frå spørreskjemaet:

- Synspunkt på tema: 4 av 6 synest temaet «Russisk litteratur og imperiet» er interessant/relevant (1 presiserer i kommentarfeltet «svært relevant og viktig»), 2 oppgir «på sida av mine interesser».
- Obligatorisk oppmøte til undervisning: 4 av 6 synest obligatorisk oppmøte er greitt/nødvendig, 2 synest det er unødvendig ved eit universitet.
- Undervisningsomfang: 4 synest undervisningsmengda er passe (2x2), 1 synest det er for lite undervisning (1 har valt berre den opne kategorien og skrive at «Effekten av forelesningane er større enn effekten av lesetimene»).
- Utbytte: 4 synest dei i «høg grad» har hatt utbytte av undervisninga, 1 i «middels grad» (den siste oppgir å ikkje ha deltatt).
- Undervisningsformer: 5 oppgir at undervisningsformene fungerer bra som dei gjer (for beskriving, sjå ovanfor), 1 ønsker «meir fagstoff frå forskning».

- Tidsbruk: 3 studentar oppgir at dei brukar mindre enn 10 timar i veka på emnet; 3 oppgir 11-20.
- Pensum:
  - 4 synest at omfanget av pensumet er passe; 2 at det er for stort.<sup>1</sup>
  - 3 synest at den russiskspråklege delen er for omfattande/vanskeleg; dei resterande oppgir «passe» og/eller «har russisk som morsmål». I kommentarfeltet presiserer to respondentar (truleg med norsk som morsmål) at tekstane er interessante, men ofte for vanskelege å lesa.
- Arbeidsmengde kontra pensum: 4 oppgir at arbeidsmengde i forhold til studiepoeng er «passe»; 2 at den er «for stor».
- Progresjon/semesterplan: 5 oppgir at dei stort sett er a jour; 1 at vedkommande normalt ligg etter semesterplanen.
- Generell vurdering: Gjennomsnittleg karakter for emnet frå studentane er B (5 gir B; 1 gir C)

I skjemaet er det ytterlegare tre spørsmål der studentane har svart med eigne ord. På spørsmålet om korleis undervisninga har fungert i forhold til pensum, skriv samtlege som har deltatt i undervisninga at ho har fungert bra/fint/greitt (svara her er korte).

Om arbeidet med essayet skriv også samtlege spørsmålet var aktuelt for, at dette har fungert bra/greitt, og at rettleiinga frå faglærer var god. To nemner det som ofte er ei utfordring med essayskriving innanfor mappe, nemleg at dei må velja tema tidleg i semesteret og at valet difor blir styrt av det som har vore tema i dei første førelesingane. Dette er i særleg grad tilfellet for dette emnet, som pga. utanlandsopphaldet (evt. SEK100) byrjar relativt seint (i slutten av september), men det same er normalt tilfellet på RUS251, der dei tidleg skal laga plan/disposisjon. Dette semesteret fekk 131-studentane oppgåvetema etter at to av åtte modular var gått gjennom. Dei fekk heile fire tema å velja mellom, men samtlege valde «romantikkens kontra realismens kaukasuslitteratur», som i denne samanhengen nok var det «tryggaste» valet.

Til slutt i evalueringsskjemaet har dei fått eit heilt ope spørsmål for tilbakemeldingar. Det kjem ikkje fram så mykje nytt her, ut over at emnet har vore interessant, men i overkant omfattande. 1 synest førelesingar er nyttigare enn tekstlesing (denne studenten kan vera ein morsmålsbrukar).

Av andre ting som har kome fram i samtalar med studentane undervegs, er at emnet har god og tydeleg struktur (i form av modular). Det er vidare ytra ønske om at kunnskapsprøven blir avvikla som vanleg saleksamen, m.a. slik at studentane ikkje treng skriva for hand. Emneansvarleg støttar dette ønsket: lokalt arrangert kunnskapsprøve krev ein del ekstra administrasjon ved emneansvarleg sjølv som eigentleg ikkje er dekkja av arbeidstidrekneskapen: Finna ark og anna utstyr, vera eksamensvakt (utan personale som kan følga oss ut dersom behov), scanna svar for opplasting i Inspira.

Ein student har to stader i evalueringsskjemaet skrive at «Hadde satt stor pris på en liten advarsel på de pensumverkene som omhandler seksuell vold.» Dette gjeld truleg første og fremst teksten av

---

<sup>1</sup> I gruppa av 5 aktive studentar H2022 er det berre to som ikkje har russisk morsmålsbakgrunn. Eg ser føre meg at det er desse to som har svart «for stort» her, men dette er sjølv sagt ikkje sikkert.

Ulitskaja (som inneheld ein valdtektsscene), kan henda også Sorokin og evt. Jakhina. Valdsscenar finst også i Aleksijevitsj-utdraget (om dei armenske pogromane i 1988-90).

*Lærdomar å ta med seg vidare*

Oppsummert får emnet hausten 2022 gode tilbakemeldingar frå studentane, både med tanke på innhald og gjennomføring. Dersom dette temaet blir vidareført på RUS131, er det først og fremst justeringar i pensum som bør vurderast, dvs. erstatta russiskspråklege tekstar med omsetjingar nokre stader. Eit noko lengre utdrag frå Pusjkins Кавказский пленник kan vurderast dersom det er behov for å «kompensera» i så måte. Emneansvarleg hausten 2022 meiner elles sjølv at alle tekstane har vore tematisk relevante og givande å førelesa om og diskutera med studentane innanfor det overordna temaet.

Underteikna støttar også ønsket om å gå over til sentralt administrert saleksamen.

*Sei frå*

Det har ikkje vore tilfelle av «sei frå»-rapportering.

Kåre Johan Mjør

15. desember 2022